

1991



VIL INN ATT!

DU AVGJER!

RV I HØYANGER, EIN PRESENTASJON.

KVA ER RAUD VALALLIANSE?

RV er eit valsamarbeid mellom AKP og uavhengige sosialistar. I Høyanger har RV vore representert i kommunestyret dei to siste periodane av Einar Rysjedal og Magnar Wøien. Over heile landet har RV-representantane vunne respekt for å vere uredde tals-menn og -kvinner for vanlege folk. Vi stør folkelege aksjonar og ser det som vår oppgave å ta desse opp i dei parlamentariske organa i kommunar og fylke. I ei tid då folk vert tuta øyra fulle med "sosialismens samanbrot" i aust og vest, seier vi at det no er meir bruk for sosialistar enn nokon gong. Samfunnsutviklinga med trikke-kultur og ego-trippar, pengemani og strukturrasjonalisering viser, etter vår meining, dette heilt klart. RV trengst i ei tid der ikkje eingong SV klarer å seie klart nei til EF.

KVA VIL RV I HØYANGER?

I 1987 laga vi eit omfattande program som tok for seg alle sektorane i kommunen og kva vi ville satse på i perioden. Naturleg nok star mykje att. Vi vil presisere at det programmet framleis gjeld, og vil verte følgt opp i komande periode. Vi ser desse sakene som dei viktigaste i neste periode:

- ARBEIDSPlassAR I KOMMUNEN
- MILJØ. BADE YTRE OG INDRE.
- OPPVEKSTVILKÅR FOR BARN OG UNGDOM.
- FORTSATT STØTTE TIL FOLKELEGE AKSJONAR.

ARBEIDSPlassAR:

RV vil ta kampen om å sikre utsette arbeidsplassar inn i kommunestyret og arbeide for at kommunen engasjerer seg aktivt i dette arbeidet. I tida framover vil vi sjå at heller ikkje arbeidsplassane i Høyanger er så sikre som dei har vore. Dette ser vi t.d. i samband med dei fylkeskommunale arbeidsplassane i kommunen. Vi stør aksjonar for å bevare arbeidsplassar i kommunen.

MILJØ:

RV vil bringe miljøkampen inn i kommunestyret der den til no har glimra med sitt fråver. Vi meiner mellom anna at det er naudsynt å ta opp utsleppskonsesjonane på verket med SFT. RV meiner desse er alt for høge og gjev folk ei falsk trygghet i høve det miljøet vi lever i.

OPPVEKSTVILKÅR:

RV vil følgje opp barne- og ungdomsplanen med sikte på eit allaktivitetshus for ungdomen i tettstaden. Vidare vil vi arbeide for at skulen i Høyanger kommune vert opp-prioritert.

FOLKELEGE AKSJONAR:

RV vil stø folkelege aksjonar og bringe synspunkta inn i kommunestyret.

KVA HAR RV GJORT I KOMMUNESTYRET?

RV har i hovudutval for undervisning ved kvar budsjetthandsaming fremma framlegg om å nekte å foreta dei nedskjeringane som Radmannen har forlangt. I år (1991) vart dette vedteke av hovudutvalet. Det same har skjedd i Barnehagenemnda.

RV fremma framlegg for kommunestyret om å halde på gamal praksis vedk. delingstal i grunnskulen. Framlegget fekk 3 røyster. Resultat: For store klasser i barneskulen.

RV foreslo å ta vare på dei to husa i Aug. Gunnarskogsgt. som vart foreslått rivne. Vi meinte husa kunne fungere som ein del av eit industriarbeidarmuseum. Framlegget fekk 3 røyster, men braket omkring saka fekk Fagsamskipnaden på bana, og husa står enno.

RV fulgte opp ei underskriftskampanje i samband med at ombygginga av Høyanger skule vart utsett. Fleirtalet i kommunestyret røysta for utsetjing.

RV stilte seg sterkt tvilande til at kommunen gjekk inn med eit tungt garantiansvar i dei nye husværa i Hjetlandsbakkane. Dei fleste veit korrleis det gjekk.

RV tok opp formannskapet sitt vedtak om å dekke alle utgifter i samband med den tidlegare ordføraren si utdanning i Volda. Fleirtalet i kommunestyret meinte det var heilt i sin orden at kommunen dekker privat utdanning for kommunetoppane.

RV har som filosofi å alltid vere på vanlege folk si side. Arbeidet i kommunestyret i Høyanger har gjort oss overbevist om at vi trengst.

STEM RV!

Dersom du som les dette meiner det er naudsynt å ha RV representert i Høyanger kommunestyre, stem RV!

Dersom du som les dette meiner det er viktig å ha folk i kommunestyret som kan seie frå, stem RV!

Dersom du som les dette og vil at ein slik politikk skal vere representert i Fylkestinget, stem på fylkeslista til RV!

